



Møteprotokoll

Utval:	Ungdomsråd
Møtestad:	Raffelneset
Dato:	03.03.2026
Tid:	klokka 14.30 - 16.30

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:

Erlend Friestad, rådgivar kommunikasjon og beredskap

Kirsten Holstad Valseth, koordinator for ungdomsrådet (møtesekretær)

Møte slutt: 16:30

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 01/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 02/26	Godkjenning av protokoll	
PS 03/26	Orienteringar og spørsmål	
PS 04/26	Referatsaker	
PS 05/26	Delegerte saker	
PS 06/26	Val av leiar og nestleiar	

PS 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste godkjend utan merknadar.

Behandling:

Oppmøte: Hedda Selvåg Larsen, Ingrid Holstad Dalsøren, Sofie Bjåstad, Gudmund Gryt, Vinter Brandal Johansen, Thanura Premakumar, Håkon Stokke Nytun, Prajiv Selva, Håkon Alexander Kleppe, Ange Shanel Koffi

10 voterande

Samrøystes godkjend.

PS 02/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart godkjend utan merknad.

Behandling:

Samrøystes

PS 03/26 Orienteringar og spørsmål

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Presentasjon av medlemar
02/26	Satsingsområder framover

Vedtak:

Orienteringar vart tekne til vitende.

Behandling:

Erlend presenterte seg og informerte om si tidlegare rolle i ungdomsrådet og at han nå går over i ny stilling. Tok likevel på seg arbeidet med å få det nye ungdomsrådet i gang. Han informerte om kva eit ungdomsråd er (medvirkningsorgan), roller og ansvar/plikter. Ungdomsrådet skal få fram ungdom si stemme i politiske saker og ungdomsrådet har talerett i alle folkevalde program.

Presentasjon av medlemmar

Alle medlemmane i rådet fekk presentere seg med namn, alder og ei sak dei var opptatt av. Saker som kom fram i runda, Transporttilbod, tilhøve på ungdomsskulen, trygge ungdomsmiljø og plassar å vere sosiale. Dei politiske representantane og koordinator presenterte seg også for rådet.

Satsningsområder framover

Prajiv Selva som nyvalgt leiar tok over som ordstyrar. Runde rundt bordet der alle kunne kome med tankar om arbeidet framover. Saker dei ønsker å sjå meir på er:

- Ungdomsskulen: fysiske tilhøve og det psykososiale.
- Manglande symjeundervisning
- Skuleskyssordning, spesielt dårleg for Hjørungavågselevar
- Kollektivtransport generelt
- Namn på ungdomsklubb, logo til klubben og innhaldet på ungdomsklubben
- Kva vil rådet bidra med for ungdomane framover.
- Søke midlar til ungdomsarbeid

PS 06/26 Val av leiar og nestleiar

Vedtak:

Prajiv Selva vart vald som leiar og Thanura Premakumar vart vald som nestleiar i Hareid ungdomsråd.

Behandling:

Erlend Friestad informerte om formalia rundt valet og kva som ligg i dei ulike rollene. Rådet gjekk for skriftleg val/votering.

Leiarvervet: Thanura Premakumar og Prajiv Selva stilte til val. Dei fekk eit minutt kvar til å presentere seg. Resultatet av avstemming vart 5-5. Ny avstemming vart utført og resultatet framleis 5-5. Reglane er då at leiarvervet skal avgjerast ved loddtrekning. Prajiv Selva gjekk av med siger og er ny leiar i Hareid ungdomsråd.

Nestleiar: Sofie Bjåstad og Thanura Premakumar stilte til val. Resultat: 2 blanke stemmer, 3 til Sofie og 5 til Thanura. Thanura Premakumar er ny nestleiar i Hareid Ungdomsråd